



Bjørn Erling Waage  
Kistebakkane 94  
5137 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1507 - 16/14716

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
19.07.2016

## Avslag på søknad om SMIL-midlar 2016 til istadnsetting av løevegg

**Administrativt vedtak. Saknr: 256/2016**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 31.05.2016.

Meland kommune vart for 2016 løyvdy kr 170.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06 2016. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 15 søknader, m.a. frå Bjørn Erling Waage for Gnr. 49. bnr. 1.

Bjørn Erling Waage har søkt om tilskott til: reperasjon av løevegg.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar ved bygget, men det er registrert to nasjonale forvaltningsartar og ein naturtype i nærleiken av bygget.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 40 daa, 80,5 daa skog og 71 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2015 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

### **Vurdering:**

Prioritering totalt sett: 15

Søkjaren ynskjer å reparere ein vegg på løa for å hindra at vatn kjem inn til høylager, og at i dag vert det nytta ein presenning for å hindra dette. Administrasjonen ser at det er naudsynt å hindra at vatn trenger inn i høylager og at det er positivt å nytta eksisterande bygningar i samband med dagens drift.

Det har i årets søknadsprosess komme inn mange søknader om SMIL-midlar, samstundes som kommunen har fått løyvd mindre midlar enn tidligare år. Dette har ført til ein streng prioritering av midlane i årets tildeling av SMIL-midlar. Administrasjonen ser at tiltaket vil vere positivt for garden, men at løa ikkje har ein slik kulturhistorisk verdi som gjer at den kan prioriterast høgt i årets tildeling av SMIL-midlar. Kommunens prioritering har lagt vekt på tiltak som kan auke produksjon og/eller som elles styrker produksjonsgrunnlaget på garden.

Administrasjon vil minne om at det er mogleg å søkje om SMIL-midlar ved neste høve.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på lo. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

## **Vedtak**

«Meland kommune avslår søknad om tilskot til reperasjon av løevegg frå Bjørn Erling Waage på gnr. 49. bnr. 1 på lo. Grunngeving går fram av vurderinga.

Vedtaket har heimel i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §§ 5 og 8.»

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

SMIL-søknad 2016 signert Gbnr. 49-1

## **Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Bjørn Erling Waage

Kistebakkane 94 5137

MJØLKERÅEN